

NETTVERKSSAMLING FOR UNGDOMSRÅD

Ungdomspolitisk utval (UPU) og Sogn og Fjordane fylkeskommune inviterer medlemar frå ungdomsråd i Sogn og Fjordane til nettverkssamling for ungdomsråd på Thon Hotel Jølster, Skei, 17. og 18. november 2018.

Nettverkssamlinga handlar om opplæring i arbeid med ungdomsråd. Helga vil verte fylt med kurs, opplæring og føredrag om ungdomsrådsarbeid, og mange sosiale aktivitetar. Målet med samlinga er at ungdomsråda skal fungere best mogeleg, slik at ungdom i heile fylket vert høyrde.

MÅLGRUPPE

- Medlemmar i ungdomsråda, eller andre representantar for ungdommen i kommunar der det ikkje er ungdomsråd.
- Kvar kommune kan sende tre deltakarar frå sitt ungdomsråd. Kommunar utan ungdomsråd kan sende to deltakarar, t.d. frå elevrådet.
- Kostnadane for opphald og reise vert dekkja av kommunen, det er difor berre kommunane som kan melde på deltakarar.

KONTAKTPERSON

Guro Høyvik
rådgjevar, nærings- og kulturavdelinga
Sogn og Fjordane fylkeskommune
E-post: guro.hoyvik@sfj.no
Tlf.: 415 30 608 (993 65 299)

FØLG UPU PÅ FACEBOOK
www.facebook.com/upusfj/

Nettverkssamling for ungdomsråd 2018

Praktisk informasjon



17. og 18. november 2018

RAMMEPROGRAM

Laurdag 17. november

- 13.00 Velkomst, innsjekking og lunsj.
- 14.30 Velkommen ved ungdomspolitisk utval (UPU) og namneopp.
- 15:00 - ca. 18.30, inkl. pausar: kurs, opplæring og føredrag om ungdomsrådsarbeid
- 19.30: Middag, fint antrekk.
- 21.00: Sosialt og leikar.
- 22.30: Programslutt.

Søndag 18. november

- 08.00: Frukost og utsjekk.
- 09.00 - 12.15: kurs, opplæring og føredrag om ungdomsrådsarbeid.
- 12:15: Lunsj og vel heim!

Detaljert program kjem.

SAMTYKKESKJEMA

Alle deltakarar skal fyller ut samtykke- og informasjonsskjema og sende dette inn til fylkeskommunen i forkant av samlinga.

Skjemaet kan lastast ned både frå fylkeskommunen si nettside www.sfj.no og frå sida med [påmeldingsskjema](#). For deltakarar som er under 18 år skal ein føresett også signere på skjemaet.

ORDENSREGLAR

Nettverkssamlinga er eit rusfritt arrangement. Dette gjeld for alle deltakarar, uavhengig av alder. Deltakarar som bryt kravet om rusfritt arrangement vert sende heim, på eiga rekning. Dersom deltakaren er under 18 år vert føresette varsla av fylkeskommunen, som arrangør av nettverkssamlinga. Alle deltakarane er gjester på Thon Hotel Jølster, og skal fylgje det reglementet som er der, m.a. med omsyn til natтеро og branntryggleik.

ALTERNATIV FOR DELTAKING OG PRISAR

- Deltek laurdag og søndag; overnatting på dobbeltrom, inkl. lunsj og middag laurdag, og **frukost og lunsj søndag: kr 1650.**
- Deltek laurdag
 - inkl. lunsj og middag: kr 900.
- Deltek søndag;
 - inkl. lunsj: kr 500.

OVERNATTING

Alle deltakarane skal i utgangspunktet dele rom med ein annan deltakar, av same kjønn. Så langt som råd prøver vi å plassere deltakarane på rom med nokon dei kjenner frå før, og med nokon som er i omtrent same alder.

Dersom det er særlege grunnar til det er det også mogeleg å be om overnatting i enkeltrom. Det vil då bli eit tillegg i prisen. Ta kontakt med kontaktperson i fylkeskommunen, Guro Høyvik.

PÅMELDINGSFRIST

Påmelding innan 1. november 2018. Avmelding etter fristen blir fakturert fullt ut.

PÅMELDING

- Kostnadane for opphald og reise for deltakarane vert dekket av kommunen, og det er difor **berre kommunen** som skal melde på deltakarar.
- Fylkeskommunen sender ut faktura for deltaking i etterkant av samlinga.
- Påmeldingsskjema: <https://sfj.pameldingssystem.no/nettverkssamling2018>